



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: Onsdag 01.10.2025 kl. 17:30-19:45

Stad: Askvoll kyrjekontor, møterommet

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Arnt Johny Langeland	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Ragnhild Stav	Medlem
Astri Thorsen Landøy	Varamedlem
Vidar Kaland	Varamedlem

Forfall:

Synnøve Melvær	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2025/37		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2025/38		Godkjenning av protokoll frå møte 12.08.2025	Rune Ziener
SR 2025/39		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2025/40		Holmedal kyrkje – val av tilbod	Rune Ziener
FR 2025/41		Tre ved Holmedal kyrkje	Rune Ziener
FR 2025/42		Vilnes parkering	Rune Ziener
SR 2025/43		Offerliste t.o.m. advent 2025	Rune Ziener

Askvoll, den 01.10.202

Rune Ziener
referent

SR 2025/37 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2025/38 Godkjenning av protokollen frå møte 12.08.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 12.08.2025.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 12.08.2025.

SR 2025/39 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 20/2025	Budsjett og økonomiplan 2026-2029. Innsparingar.
M 21/2025	Løysing for rullestoltilkomst, koret i Askvoll kyrkje
M 22/2025	Status for samarbeidsprosjekt kyrkjeleg undervisning og læring
M 23/2025	Kyrkjelydsutvalet i Holmedal: Referat 17.09.2025
M 24/2025	Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: Referat 23.09.2025
M 25/2025	Eventuelsak frå Terje Mork: Kyrkjegardsmuren i Holmedal er dels utrasa. Arbeidet her kan dels gjerast på dugnad. I tillegg må noko arbeid gjerast med maskin, og dette må inn i budsjettet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande presiseringar:

Til M-sak 20/2025: Det vert sett ned eit ad hoc-utval sett saman av Wenche Ness Gabrielsen, Terje Mork, Frida Melvær og Rune Ziener for å utarbeide forslag til budsjett og økonomiplan 2026-2029 og kommunikasjonsplan overfor kommunen i budsjettprosessen.

Til M-sak 21/2025: Ein vil ikkje prioritere bygningsmessige tilretteleggingstiltak no, men legge til rette for rørslehemma med inkluderande grep i gudstenester og ved kyrkjelege handlingar ved å legge t.d. nattverds- og forbønshandlingar frå koret og ned i kyrkjeskipet.

FR 2025/40 Holmedal kyrkje – val av tilbod

Ein er i gang med tilbodskonkurranse for prosjektet på Holmedal kyrkje med bygging av rullestolinngang og drenering. Tilbodskonkurransen vert gjennomført av SWECO AS.

Eit utval entreprenørar er inviterte til å gje tilbod på prosjektet.

Datoar:

08. og 15.09.2025	Tilbodssynfaring
29.09.2025	Frist for å gje tilbod
30.09.2025	Dialog og val av tilbod (val av tilbod skal godkjennast av soknerådet)
10.10.2025	Kontraktsinngåing

Oppdatert saksdokument med tilråding for val av tilbod vil verte lagt fram i møtet.

Oppdatering pr. 30.09.2025:

Fem entreprenørar er inviterte til å gi tilbod på arbeidet med handicapinngang og drenering, Holmedal kyrkje.

Det er motteke berre éitt tilbod:

TILBYDAR	TILBODSPRIS (EKS. MVA)
Gravdal Skog og Hageservice AS	615.000,-

Tilbudet ligg kr 95.000,- over SWECO sitt estimat, utarbeidd i september 2024.

Om ein tek omsyn til indeksregulering siste 12 mnd. Skulle estimatet vore justert opp til om lag kr 547.000,-. Dette gir ein differanse på kr 68.000,-.

SWECO opplyser at tilbudet har ein akseptabel prising, og tilrår at ein går for innkomne tilbod.

Økonomisk handlingsrom

Soknet har i investeringsbudsjettet for 2025 budsjettert med kr 520.000,- for anleggskostnaden i prosjektet.

Til heile prosjektet har ein disponibelt kr 57.000,- meir enn opphavleg budsjettert, som følge av forhold knytt til årsavslutninga 2024.

Ein kan difor auke opp finansieringa til anleggskostnaden til kr 577.000,- totalt.

Ein vil likevel mangle kr 38.000,-.

Dette kan ein få tilført prosjektet med omdisponering frå andre investeringsprosjekt for å komme i gang med Holmedal-prosjektet i inneverande rekneskapsår.

Dette kan t.d. vere rullestoltilkomst til koret i Askvoll kyrkje (total prosjektramme kr 100.000,-).

Tilleggsmoment - mogleg trefelling:

Innanfor eksisterande tilbod (altså utan ekstra kostnad) kan Gravdal Hageservice ta på seg å fjerne dei to trea ved hovudporten. (Sjå eiga sak om trea – FR 2025/41).

Om soknerådet går inn for fjerning av trea, kan ein omdisponere kr 10.000,- til prosjektet, overført frå drift.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilbudet frå Gravdal Skog og Hageservice AS.
2. Nødvendig tilleggsfinansiering på kr 38.000,- vert finansiert ved:

-

MØTEHANDSAMING

Frida Melvær sette fram forslag om følgjande finansieringløysing:

Omdisponering av midlar frå prosjekt 1023 – Rullestoltilkomst til koret i Askvoll kyrkje.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilbudet frå Gravdal Skog og Hageservice AS.
 2. Nødvendig tilleggsfinansiering på kr 38.000,- vert finansiert ved:
- Omdisponering av midlar frå prosjekt 1023 – Rullestoltilkomst til koret i Askvoll kyrkje.

FR 2025/41 Fjerning av tre ved Holmedal kyrkje

Ein viser til tidlegare drøftingar om saka.

Bakgrunnen er at det er ein viss uro for at trea ved hovudinngangen no har fått så store røter, at dei kan gjere skade på steinmur, graver m.v.

Trea må anten fjernast eller sterkt beskjerast.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skriv 02.07.2024 om trea i Holmedal, at dei vurderer evt. fjerning av desse som eit ikkje-søknadspliktig tiltak:

«Felling av store enkeltrær kan i noen tilfeller være en vesentlig endring av gravplass og søknadspliktig etter gravplassloven § 4. I dette tilfelle vil vi ikke vurdere det til å være søknadspliktig. Før en eventuell felling anbefaler vi at det kontaktes en arborist for å få en faglig vurdering av trærnes tilstand. Det bør også legges en plan for eventuell nyplanting dersom trærne felles.

Vær oppmerksom på at eventuell felling kan få stor oppmerksomhet lokalt og at mange kan ha følelser knyttet til trærne, spesielt store, flotte trær som dette. Det er derfor viktig å ha en grundig og tydelig prosess i forkant.»

Vidare skriv dei på generell basis:

- *Tre og buskar bør i størst mogleg grad takast vare på. Dette er særleg viktig der tre og buskar inngår i den opphavelige gravplassplanen og/eller der dei er viktige for den visuelle heilskapen og karakteren til gravplassen.*
- *Tre som ein ynskjer å felle, bør undersøkast av fagfolk (arborist/ trepleiar) før ein tek stilling til kva ein skal gjere med dei. Dersom det er mogleg å skjere eller på anna måte sikre dei, vil det som oftast vere ei betre løysing enn felling.*
- *Dersom treet eller trea var ein del av den opphavelige gravplassplanen eller er viktige for gravplassens visuelle heilskap og karakter, men må fellast av omsyn til tryggleik, bør ein plante nye tre på den same staden. Trea bør vere av same type eller tilsvarande.*
- *Opphavelig gravplassplan (planteplan) bør leggjast til grunn for planlegging av ny vegetasjon. Der det ikkje finns nokon opphavelig plan eller det er behov for å endre den opphavelige planen, rår vi til å lage ein ny planteplan. Planteplanen er ein del av gravplassplanen, statsforvaltaren skal godkjenne planteplanen dersom han fører til ein vesentleg endring av gravplassen.*

Vurdering:

Prosessten vidare vert difor at ein bør få ei fagleg vurdering på om trea bør takast vare på eller fjernast. For å gjere denne vurderinga trengst ein arborist. Uavhengig av om ein konkluderer med at trea bør fjernast eller takast vare på, vil dette sjølvst ha ein kostnad, og to ulike firma har sett på trea og gitt tilbod på fjerning/nyplanting.

Kostnadmessig ligg fjerning av trea på kr 28.000-38.500,- og nyplanting på ca. kr 27.000,-, altså ein totalkostnad på om lag 55-65.000,- totalt om ein leiger inn fagfolk til jobben.

Eine firma skriv i si vurdering:

«Vi er urolige mtp røtter og bevegelser ved muren, desse kan gjere skade på muren og jo meir desse vokser jo meir risiko er det.

Bøk trea kan kvisten tørke opp og ein risikerer då at desse kan falle ned på folk og gjenstander ved uvær aukar sansynligheten for dette.»

Trepleie og beskjerjing er ikkje henta inn pris på, men kyrkjevevja har fått nokre erfaringstal frå andre kyrkjelege fellesråd som har fått beskjært store tre. Kostnaden her har vore frå kr 28.000,- til 48.000,- pr. tre.

Det er budsjettert med kr 20.000,- til fjerning av tre i 2025-budsjettet.

Om ein vel å engasjere arborist kan dette verte finansiert med noko av budsjettmidlane her.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd engasjerer ein arborist for å vurdere trea ved Holmedal kyrkje, om desse bør beskjerast eller fjernast, og finansierer dette med delar av midlane som er sett av til fjerning av tre i 2025-budsjettet.

MØTEHANDSAMING

Endringsforslag sett fram av Terje Mork:

1. Ein fjernar trea no, fordi dei er så store og kan skade bygg og anlegg, og plantar nye tre, t.d. bøk eller eik, som vert heldt ved like.
2. Ein prøver å nytte trea som materiale til nye benkar ved kyrkja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Ein fjernar trea no, fordi dei er så store og kan skade bygg og anlegg, og plantar nye tre, t.d. bøk eller eik, som vert heldt ved like.
2. Ein prøver å nytte trea som materiale til nye benkar ved kyrkja.

FR 2025/42 Vilnes parkering

Ein viser til tidlegare vedtak i saka.

No er det eit nytt alternativ som kan vere aktuelt som nytt areal for parkering, då ein så langt ikkje har lukkast med å komme vidare med tidlegare alternativ.

Ein arbeider no med området vest for kyrkjegarden, langs med kommunal veg.

Ryland i Askvoll kommune har utarbeidd ei skisse for parkeringsløysing i aktuelt område, der grunneigar seier seg villig til å avhende areal.

Hovudalternativ (sjå vedlegg 1):

Samla opparbeidd areal i denne løysinga er om lag 26 x 8,5 meter langs med vegen, som gir plass til 10 nye biloppstillingsplassar.

Ein kan og sjå for seg eit trinn 2 litt lenger sør, ned mot eigedomsgrense som har kantparkering med plass til 3 bilar dersom det ikkje er tilstrekkeleg med 10 nye plassar.

Det er ikkje føreslege éin samanhengande parkeringsplass langs vegen, men to oppstykkar parkeringsplassar for ikkje å ha for terrenginngripande og dominerande konstruksjonar i kulturlandskapet.

Sekundært alternativ (sjå vedlegg 2):

Eit alternativ som er noko billegare og som fører til mindre terrenginngrep kan vere å gjere trinn 1 noko mindre (om lag 20 x 8,5 meter) med biloppstillingsplass til 8 bilar. Kantparkering på trinn 2 her vil då kunne gjerast noko lengre med plass til 4 bilar.

Behovet for støttemur vil vere mindre her, då terrenget er minst skrånande på nordre del av aktuelt parkeringsareal.

Med fullført trinn 1+2 vil dette alternativet totalt ha plass til 12 bilar mot 13 for hovudalternativet.

Vurdering:

Den klare fordelten med hovudalternativet er at det gir relativt god parkeringskapasitet nær kyrkja. Det er i overkant 100 meter gangveg frå p-plassane lengst unna og om lag 75 meter frå dei næraste p-plassane opp til kyrkjegardsporten.

Pga. skrånande terreng mellom kyrkjegarden og aktuelt parkeringsareal med høgdeforskjell, krevst det truleg noko oppmuring ved skjering inn i terrenget. Om ein legg inn helling ned mot vegen på parkeringsplassen kan murhøgde reduserast noko.

Ein slik mur bør ha tilnærma samme utforming som eksisterande kyrkjegardsmur for å passe inn i eksisterande miljø. Uansett kan det tenkast at ein må ha fallsikring langs (delar av) skjeringskanten for å hindre ulukker.

Økonomi:

Ny parkeringsplass på Vilnes ligg inne med kr 200.000,- i investeringsbudsjettet for 2025. Dette er for lite til det nødvendige anleggsarbeidet. For å få dette realisert snarast råd må prosjektet inn i budsjett og økonomiplan også i 2026-2029.

Det ligg ikkje føre ein kalkyle for dette arbeidet, men ein kan estimere kr 500.000,- som eit utgangspunkt for begge trinn i hovudalternativet og noko mindre for sekundært alternativ.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer å arbeide vidare med hovudalternativet i saksutgreiinga (trinn 1+2) vest for kyrkja og tek prosessen vidare, både når det gjeld finansiering og formelle godkjenningar i aktuelle instansar.
2. Prosjektet vert innarbeidd i soknet sin økonomiplan med realisering av trinn 1+2 i 2026.

MØTEHANDSAMING

Endringsforslag sett fram av Jarle Magnus Vilnes:

1. Ein forlenger hovudparkeringa heilt frå oppkjørsel og ned til grensa i sør.
2. Ein tek også med arealet nord for oppkjørsle i søknad om prosjektgodkjenning som mogleg trinn 2.
3. Forna skisser med endringane vert lagt fram i kommande soknerådsmøte.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Ein forlenger hovudparkeringa heilt frå oppkjørsel og ned til grensa i sør.
2. Ein tek også med arealet nord for oppkjørsle i søknad om prosjektgodkjenning som mogleg trinn 2.
3. Forna skisser med endringane vert lagt fram i kommande soknerådsmøte.

SR 2025/43 Offerliste t.o.m. advent 2025

Gudstenesteliste fram til advent er fastsett, men offerformål er ikkje vedteke.

Kyrkjelydsutvala er spurt om forslag til offerformål i perioden. Innkomne forslag er sett inn i tabellen nedanfor:

Kirke	Dato	Tid	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	02.11.2025	11:00	Gudstjeneste	Ikkje offer
Askvoll kyrkje	30.11.2025	15:00	Gudstjeneste	KFUK-KFUM Sogn og Fjordane
Bulandet kapell	26.10.2025	10:15	Gudstjeneste	Kyrkjemusikalsk arbeid
Bulandet kapell	30.11.2025	10:15	Gudstjeneste	Fiskarheimen
Holmedal kyrkje	26.10.2025	15:00	Gudstjeneste	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	07.12.2025	15:00	Gudstjeneste	Holmedal kyrkje
Kvammen kapell	05.10.2025	15:00	Gudstjeneste	TV-aksjonen
Kvammen kapell	16.11.2025	11:00	Gudstjeneste	Norsk Luthersk Misjonssamband
Kvammen kapell	07.12.2025	11:00	Gudstjeneste	Det Norske Bibelselskap
Vilnes kyrkje	05.10.2025	11:00	Gudstjeneste	TV-aksjonen
Vilnes kyrkje	30.10.2025	18:00	Salmekveld	Kyrkjemusikalsk arbeid
Vilnes kyrkje	23.11.2025	13:30	Gudstjeneste	Kyrkjebladet

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som føreslege frå kyrkjelydsutvala.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som føreslege frå kyrkjelydsutvala.